



Bente Miljeteig og Anne Grete Sjo spør om nokon har bilete/motiv som kan brukast i Vonheim.

**Styret for forsamlingshuset Vonheim spør om nokon har bilete som kan høva inn i eit kulturhistorisk miljø. I mange år var veggene fylte med lærarportrett frå Haugland skule. Det vart gjort slik i ei tid etter skulen vart nedlagt og det var usvisst kva drift det vart med skulemuseet. No er alle lærarbileta flytta over til sin rette plass.**

Uskedalen.no møter Anne Grete Sjo og Bente Miljeteig i dag for ei synfaring. Kjellaren er oppussa og står fram med eit meir moderne uttrykk. Salen oppe er original frå flyttinga av huset i 1933 og bør halda på ein stil som gjenspeglar den funksjonen huset har hatt i mange år. Eit større Kristusbilete over talarstolen er talande for mange bedehus, men Vonheim er og skal vera noko meir,- eit ope hus for alle brukargrupper. Dette bør koma fram i arbeidet med utsmykkinga.

Difor vert det no spurt om nokon har større bilete/foto som gåve eller som vert donert til huset. Det kan vera:

- Innramma flyfoto eller landskapsbilete frå øvst i Uskedalen
- Postkort med god kvalitet som kan kopierast, forstørrast og rammast inn
- Kunstverk
- Tekstilar: Åkle eller vevde motiv

Styret ynskjer også eit gammalt hjørneskap for utstilling og oppbevaring av koppar og anna dekkety.

Tenk på dette. Ved ombygging og endringar i private hus, er sikkert mykje stua bort og sett på lager. Om du har noko som kan vera nyttig for Vonheim, ta kontakt med:

Anne Grete Sjo: Mobil - 91753311  
eller

Bente Miljeteig: Mobil - 97067102

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal  
Foto av Vonheim: Anne Grete Sjø



Vonheim slik det framstår i dag,- eit forsamlingshus med ein innhaldsrik historie.